

## **SIKRA MATPRODUKSJONEN I NOREG!**

**Sett i lys av dagens situasjon med klimaproblem, folkeauke og matvarekrise i verda har Noreg eit stort ansvar med å forsyna den norske marknaden med mest mogeleg mat frå norsk landbruk. Noreg har avgrensa resursar av matjord, slik at den matjorda som i dag er i bruk, må takast vare på og brukast til matproduksjon. I tillegg til ein restriktiv jordvernpolitikk vert dette best ivareteke med lønsam matproduksjon over heile landet.**

**Senterpartiet arbeider for å sikra kortreist mat og lokal produksjon innanfor forsvarlege miljø- og klimarammer, også i eit globalt perspektiv. Noreg har eit omfattande regulativ for matvareproduksjon, som er ein garanti for matvaretryggleik og god dyrevelferd. Senterpartiet tek ansvar og ynskjer ei langsiktig og berekraftig utvikling for jordbruket.**

**Hordaland Senterparti ynskjer å oppretthalda matproduksjonen i landet minst på dagens nivå. Avgjerande for dette er å sikra landbruket gode rammevilkår slik at matproduksjonen i heile landet på sikt kan auka.**

**Hordaland Senterparti**